



## Retningslinjer for bruken av heimeundervisning i vidaregåande opplæring

Møre og Romsdal fylkeskommune, kompetanse- og næringsavdelinga, juni 2021.

---

**Hovudregelen er at vidaregåande opplæring skal skje på skolen, men unntaksvis kan elevar ha rett til å få opplæring i heimen/ alternativ organisering i ein avgrensa periode.**

### **Behov for avklaring av kva reglar som gjeld for heimeundervisning:**

Vidaregåande skolar i fylket melder om at dei ser eit behov for ei presisering av kva retningslinjer som gjeld heimeundervisning i vidaregåande opplæring. Det er eit forsterka behov for avklaring etter ein lang periode med koronatiltak. Det er viktig å få fram kva reglar som gjeld når ikkje midlertidige koronatiltak skal gjelde.

### **Kva er heimeundervisning?**

Retningslinjene her gjeld heimeundervisning som ei særskilt tilrettelegging for enkeltelevar etter reglane i opplæringslova om spesialundervisning, jf. kapittel 5.

Mykje av heimeundervisninga som gis er digital, men det er også eksempel der lærarar gir opplæring i heimen til eleven, eller på alternativ arena. Heimeundervisning som ikkje er satt i gong pga. koronatiltak gjeld enkeltelevar, og årsaka ligg i eleven sine individuelle behov. Ein må skilje mellom heimeskole som er sett i gong pga. koronatiltak, og som gjeld alle, og heimeundervisning som gjeld den enkelte elev.

### **Reglar som gjeld heimeundervisning:**

Når eleven har langvarig fråvær på grunn av sjukdom, kan fylkeskommunen ha plikt til å gi opplæring ein annan stad enn på skolen, f.eks. heime hos eleven. Denne plikta til å gi eleven opplæring ein annan stad enn på skolen, følgjer av ungdommens rett til vidaregåande opplæring.

Opplæringslova har ikkje eiga føresegn om opplæring i heimen ved sjukdom, men det følgjer av forarbeid til lova at fylkeskommunen kan ha plikt til å gi opplæring andre stader enn i skolen. Sjå NOU 1995:18 side 107 og Ot.prp. nr. 46 (1997-98) i merknadene til § 2-2. (Udir).

Kva som blir sett på som langvarig sjukdom, må vurderast i kvart tilfelle. Moment i denne vurderinga er elevens tilstand og forventa fråvær. Det avgjerande er om elevens sjukdom fører til eit fråvær som gjer at eleven ikkje får oppfylt retten sin til opplæring eller får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Retten til opplæring i heimen for langvarig sjuke elevar må vurderast ut frå reglane om spesial-undervisning i opplæringslova, kap. 5.

### Dette må vere på plass:

- Skolen skal ha dialog med eleven og PPT så snart som råd etter at behovet er avdekket. Det skal settast i gong tiltak og kartlegging fram mot tilvising til PPT. Same rutinar som gjeld spesialundervisning elles, om utprøving og kartlegging, og pedagogisk rapport til PPT.
- Dokumentasjon på langvarig sjukdom: Dokumentasjon frå helsevesen som seier noko om kva som gjer at eleven ikkje kan delta i opplæring på skolen. (Ikkje nødvendigvis diagnose). Kva er utfordringane eleven har som gjer at det kan vere nødvendig med heimeundervisning, og kor lenge det er sannsynleg at det vil vere behov for heimeundervisning/ undervisning anna stad enn skole.
- Sakkunnig vurdering frå PPT som seier noko om behovet for spesialundervisning og heimeundervisning. T.d. kan det vere ein kombinasjon av heimeundervisning og undervisning på skolen. Kva gjer at eleven ikkje kan delta i opplæring på skolen? Kva er utfordringa? Plan om tilbakeføring til ordinær skole.
- Enkeltvedtak om rett til spesialundervisning som gjeld for perioden eleven skal ha heimeundervisning.



- Individuell opplæringsplan for perioden eleven har spesialundervisning. Plan for overgang til ordinær skole.

Elevar som har rett til spesialundervisning, inkludert langvarig sjuke elevar som får opplæring i heimen, har rett til det same tal timar som elevar som mottar ordinær opplæring, jf. opplæringslova § 5-1 siste punktum. Omfanget av opplæringa i heimen må likevel avgjerast etter ei konkret vurdering. Kor mange timar undervisning som skal gis vil avhenge av kor mykje opplæring den sjuke eleven er i stand til å ta imot og delta i.

Sjølv om opplæringa i ein periode skjer som heimeundervisning er det same prinsipp som gjeld for opplæringa som elles. Både lov, forskrift og skolereglement gjeld. Eleven skal delta i den planlagde opplæringa i tråd med enkeltvedtak og IOP, ta imot rettleiing frå lærar, og bidra til at lærar har eit vurderingsgrunnlag, slik at eleven si kompetanse kan vurderast.

#### **Klagerett**

Eleven har rett til å klage på enkeltvedtaket om rett til spesialundervisning/ ikkje rett til spesialundervisning. Derunder også rett til å klage på vedtak om heimeundervisning. Korleis ein skal gå fram for å klage, står i vedtaket til eleven. Det står også at kompetanse- og næringsavdelinga vil enten gjere om vedtaket eller sende klaga vidare til Statsforvaltaren for endeleg avgjersle.

#### **Kjelder**

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-1995-18/id140365/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-46-1997-98-/id158981/>

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Elever-med-sarskilte-behov/Udir-6-2014/5/>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>